Solund kommune

Innkalling

Utval:	Formannskap
Møtestad:	Møterommet
Dato:	26.11.2026
Tid:	Kl. 09:00 – 12.00

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
063/26	Godkjenning av møteprotokoll	
064/26	Drøfting av handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027	

Solund kommune
19.11.2026

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-033

ArkivsakID: 26/816
JournalpostID: 26/3198
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 19.11.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
063/26	Formannskap	26.11.2026

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund ..... sin møteprotokoll frå ..... vert godkjent.

Vedlegg i saka:
30.10.2026 Møteprotokoll - Formannskap - 29.10.2026

Solund kommune

Møteprotokoll

Utval:	Formannskap
Møtestad:	Solund kommune - møterom
Dato:	29.10.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 14:50
Saksnr.:	057/26-062/26

Faste representantar som møtte:	**Parti**
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Signe Bjorøy	H
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Sara Tunestveit	SP

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 23. oktober 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad og innkallinga vart godkjent.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Signe Bjorøy og Andreas Færøy Gåsvær vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	*Kommunedirektøren orienterar om:* Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt orienterte om status på oppgradering av Næringsbygget. Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt orienterte om søknad til Statsforvaltaren om skjønnsmidlar for vurdering av framtidig

	tenestenivå, demografiframskriving og organisering av Helse og omsorg. Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt orienterte om kartlegging i sektor for Samfunns- og næringsutvikling med tanke på framtidig organisering. Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt orienterte om miljøundersøkingane i Indre Steinsund. Prosessen har blitt forseinka grunna parkslirekne som må handterast som spesialavfall. Er planlagt gjennomført 2. november. Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen orienterte om arbeidet med handlings- og økonomiplan 2027 - 2030, med budsjett 2027.
Synfaring:	
Diverse:	09.00: Konstituering av møte 09.10: Saklista i rekkefølgje 10.45: Orienteringane 12.10: Lunch 12.45: Orienteringane held fram 14.50: Møte heva

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
057/26	Godkjenning av møteprotokoll
058/26	Høyringsuttale regional plan for arealbruk og mobilitet frå Solund kommune
059/26	Høyringsuttale regional plan for verdiskaping og kompetanse frå Solund kommune
060/26	Kvalitetsmelding oppvekst Solund 2025/2026
061/26	Finansiering av laupande drift
062/26	Finansiering garderobeanlegg Solund Helsetun

Underskrifter:

057/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 14. oktober 2026 vert godkjent.

Handsaming i Formannskap 29.10.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 057/26 VEDTAK:
Solund formannskap sin møteprotokoll frå 14. oktober 2026 vert godkjent.

058/26: Høyringsuttale regional plan for arealbruk og mobilitet frå Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek følgjande uttale til Vestland fylkeskommune sin regional plan for areal og mobilitet:

Solund kommune er den **fjerde mest eksportintensive kommunen i landet** fordelt på folketal i samsvar med Eksportmeldinga 2026. Solund kommune er samtidig den **fjerde minst sentrale kommunen i landet** (SSB 2024), til dømes mindre sentral enn alle kommunar i Troms og Finnmark. Dette tilseier at det blir skapt store verdiar, trass vanskelege vilkår med omsyn til infrastruktur og tilgang på arbeidsplassar. Solund kommune bidrar difor i stort monn til den eksportintensive regionen Vestland. Slik kunnskap må også vere tema i indikatorane.

Solund kommune arbeider med å etablere ekspressbåtstopp i Hardbakke-området (kommunesenteret) i Solund. Som rein øykommune kan ikkje Solund ha anna kollektivrute til eit regionsenter enn med båt. Innkorting av reisetid er den beste måten å styrke tilflytting og bulyst på og dette gjer ein best ved å tilpasse seglingsleia. Solund kommunestyre bed om at dette vert innarbeida også i fylkeskommunale planar og vedtak, jamfør allereie vedteken intensjonsvedtak gjort av fylkeskommunen.

Forslag til konkrete tiltak:

- Innarbeide ekspressbåtstopp i Hardbakkeområde i Vestland fylkeskommune sine relevante planar og vedtak.

<u>Generelt</u>

Fylkeskommunen må møte kommunane med ei heilskapstenking på tvers av dei ulike regionale planane som er vedtekne, og vert vedtekne for ettertida. Dersom måleparametra skal knytast til årsdøgntrafikk og folketal, vil kommunar som Solund komme sist i køen kvar gong. Vi veit at både ungdommane våre og dei eldre har behov for eit betre kollektivtilbod i Solund.

Indikatorsystema må vise om planen faktisk bidreg til busetjing og verdiskaping i distrikta. Kjerneprinsippet i FN sine berekraftsmål om å ikkje etterlate nokon ("Leave no one behind") må også leggast til grunn for planarbeidet. Prinsippet gjeld også geografi. Distriktsmeldinga bør vere ei hovudkjelde som går på tvers av tema i kunnskapsgrunnlaget for planen.

Solund kommune ynskjer å bidra inn i arbeidet med handlingsprogrammet ved kvar revisjon.

Forslag til konkrete tiltak:

- Tilpassa, tverrfagleg vegleiing og dialog basert på den enkelte kommune sitt utgangspunkt og status.
- Utarbeide eit bredt sett med måleindikatorarar som syner styrkane til dei ulike kommunane i Vestland.
- Innarbeide Distriktsmeldinga som "*Hovudkjelder som går på tvers av plantema*" i Kunnskapsgrunnlaget og som grunnlag for planen.
- Sende handlingsprogrammet ut på høyring til alle kommunar i fylket.

<u>Målet «Busetjing og tilgang på tenester og funksjonar i heile fylket»</u>

Solund kommunestyre registrerer at planen har mål om "Busetjing og tilgang på tenester og funksjonar i heile fylket». Vi kan ikkje sjå at det er strategiar som byggjer opp under denne målsettinga. Stort sett alle strategiane som er valt vil bidra til ytterlegare sentralisering, medan det ikkje er valt nokon strategiar som motverkar dette. Verknadane av planen for sentralisering er berre vurdert på regionalt nivå, men ikkje på lokalt nivå.

Planen har lukkast med å ha ein raud tråd frå strategi til retningslinene, men ikkje frå mål til strategi. Sidan det ikkje er strategiar og retningsliner som også støttar tilstrekkeleg opp om utvikling i distriktet **kan ikkje Solund kommunestyre støtte retninga på regional plan for areal og mobilitet**. Solund kommunestyre oppmodar på det sterkast om at Vestland fylkeskommune **innarbeider ein strategi om livskraftige distrikt, med tilhøyrande handlingsplan, saman med differensiering av retningslinjene basert på status i kommunane**. Sjå til Trøndelag: Trøndelag fylkeskommune har eit gjennomgåande tema som heiter "Livskraftige distrikt" i Trøndelagsplanen.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide ein strategi for livskraftig distrikt med tilhøyrande handlingsprogram
- Differensiere retningslinjene basert på status i dei ulike kommunane, alternativt praktisere dei ulikt i dei ulike kommunane basert på status i den enkelte kommune.

<u>Regionsenter</u>

Solund kommune registrerer at 99 % innbyggjarane i Vestland vil bu inntil 1,5 timar frå eit regionsenter. Solund er den eine prosenten som er att. Kva er strategiane for som har lang veg til regionsenter? Det må vere eit minimum å ha **kollektivtilbod for alle fastbuande som gjer at ein kan komme seg til og frå eit regionsenter på ein dag,** og det må vere mogeleg å komme seg til og frå kommunesenteret på rimeleg tid for innbyggjarane i kommunen.

Det er uklart for Solund kommune korleis skal samspelet mellom dei ulike kategoriane fylkessenter, regionsenter og kommunesenter er tenkt. Solund kommune vurderer det slik at verknadane av denne inndelinga i kategorisering ikkje er tilstrekkeleg vurdert i verknader i planen, spesielt med omsyn til lokale verknader.

Tannhelse må minimum vere eit tilbod i kommunesenteret i Solund, for å unngå at elevar må vere borte heile dagar for å nytte tilbodet.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide ein strategi i planen for dei innbyggjarane i fylket som har lang reiseveg til eit regionsenter. Sikre at tannhelsetilbod er ein del av tilbodet som er i kommunesentera i dei kommunane som er lengst unna eit regionsenter.
- Tydeleggjere i samspelet mellom dei ulike kategoriane: fylkessenter, regionsenter og kommunesenter og vurdere verknadane av denne inndelinga.

Mobilitet

For øy- og kystkommunar må sjøbasert persontransport behandlast som grunnleggjande samfunnsinfrastruktur. Ferje, hurtigbåt, kai, vegtilkomst, korrespondansar og beredskap må planleggjast som eitt samanhengande mobilitetssystem. Prioriteringane innan mobilitet må også byggje på kritisk samfunnsfunksjon, mangel på alternativ og konsekvensane ved bortfall, ikkje berre passasjertal og samla reisestraumar. Dette gjeld særleg ferje- og båtsamband, kaier og vegar som er einaste tilkomst til lokalsamfunn. Til og frå Solund er ferja det viktigaste kollektivtilbodet vi har i kommunen.

Kostnader på kollektivtransport må for lokalbefolkninga prisast på ein slik måte at det er eit reelt alternativ.

Forslag til tiltak:

- Sjøbasert transport må få ein større og tydelegare plass i ein regional plan for kystfylket Vestland. Denne typen transport må på lik linje som vegnettet prioriterast med omsyn til kritisk samfunnsfunksjon og mangel på alternativ.

Retningslinene

Det kan ikkje berre ligge til kommunane å grunngje når ein fråvik retningslinjene. Distriktskommunane som har nedgåande kurver kan ikkje bli utsett for same krav som andre kommunar, og treng ikkje meir arbeid med å måtte grunngje fråvik frå retningslinjene. Regionalplanen må **tydelegare differensiere mellom vekst- og pressområde, og distriktskommunar med spreidd busetnad og lågt utbyggingspress**. I Solund må omsynet til busetjing, rekruttering, næringsutvikling og det å oppretthalde levande lokalsamfunn inngå i vurderinga av berekraftig arealbruk. Solund kommune sitt

næringsliv er sterkt knytt til sjøen direkte eller indirekte, og utbygging av næringa må skjer der ressursane er. For Solund handlar dette mellom anna om handlingsrom i retningslinjer for næringsutbygging, infrastruktur og strandsone.

Folketalsprognosar kan ikkje vere avgjerande åleine ved vurdering av arealreservar i små distriktskommunar - det er behov for beredskap for mogelegheiter som oppstår (jamfør Distriktssenteret). Det må vere rom for strategiske reserver til bustader, næring og infrastruktur når få tiltak kan få stor samfunnseffekt i den enkelte kommune. Samfunnsnytta ser annleis ut i Solund enn i Bergen eller Alver. I Solund er eitt hus eller tre arbeidsplassar ei stor samfunnsnytte. Vurderinga av samfunnsnytte må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.

Forslag til tiltak:

- Distriktskommunar med spreidd busetnad og lågt utbyggingspress må møtast på ein anna måte enn kommunar med vekst og pressområde. Vurderinga av samfunnsnytte må gjerast basert på status i den enkelte kommune.

Risiko for planen

I pressa kommunar med nedgåande kurver så vil langsiktige regionale omsyn bli nedprioritert over "*kortsiktige lokale interesser*" og prioriteringar. Dette av den enkle grunn at desse kommunane jobbar hardt for å stagge folketalsnedgang, lekkasje av arbeidsplassar og arbeidskraft, og konsekvensane dette får for målet «*Busetjing og tilgang på tenester og funksjonar i heile fylket*».

Minner om at det er kommunane som er planmynde i eigen kommune, og at dei fleste kommunane i Vestland heilt eller delvis er distriktskommunar og har ei negativ utvikling.

Fylkeskommunen påpeikar sjølv målkonfliktar mellom dei to regionale planane utan at Solund kommune opplever at desse målkonfliktane er løyst i planane.

Forslag til tiltak:

- Rett opp planen til å vere med i samsvar med konteksten i heile Vestland fylkeskommune - at fylket er svært samansett, men også geografisk primært distrikt.
- Tydeleggjere løysingar på korleis målkonfliktane mellom planane skal løysast.

Kunnskapsutvikling

Solund kommune ser positivt på kunnskapsutviklinga som er lagt opp til i planen. Dette må vere på kommunenivå og kunnskap som kommunane faktisk har nytte av - også dei minste.

Forslag til tiltak:

- Sikre og etablere at kunnskap kan hentast ut på kommunenivå og denne kunnskapen er relevant også i dei mindre kommunane.

Verknader av plan og planlegging i kommunar

Solund kommune lurer på korleis den regionale planen stiller seg til kommunale planar, slik som peika på i Plan- og bygningslova § 3-3, 2. ledd (kommunen er planmynde) og § 11-3, 1. ledd (samfunnsdelen skal leggast til grunn regionale myndigheiters verksemd i kommunen). Solund kommune meiner Vestland fylkeskommune må ha heilskapstenking og den enkelte kommune i fokus når fylkeskommunen møter kommunane i planarbeid.

Små kommunar med avgrensa plankapasitet bør bli uttrykkeleg prioriterte for rådgjeving, kunnskapsutvikling og støtte frå fylkeskommunen, og nye regionale krav må ikkje bli innført før nødvendige data, verktøy og rettleiing er tilgjengelege.

Eit generelt innspel er at fylkeskommunen må ta ei overordna vurdering på kva planar fylkeskommunen legg opp til at kommunar skal ha. Det er tids- og ressurskrevjande å planlegge. Kan dei føringane/insentiva fylkeskommunen ynskjer å legge på kommunane løysast på andre måtar enn via planar? I denne planen er kulturmiljøplan, og jordvernmål og – strategiar spesifikt nemnt, men dette gjeld også krav om andre planar i andre samanhengar.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide og tydeleggjere kva konsekvensar denne planen har for kommunane og kommunal planlegging.
- Tydeleg prioritere dei minste kommunane i rådgjeving, kunnskapsutvikling og støtte.
- Innføre nødvendige data, verktøy og rettleiing før nye regionale krav vert innført.
- Evaluere kva krav/ynskje fylkeskommunen har til omfang av kommunalt planverk, for å komme til regionale/nasjonale tilskotsordningar.

Elles viser Solund kommunestyret til uttalen utarbeida av Region Fjordane.

Handsaming i Formannskap 29.10.2026:

Felles framlegg til endring:
Endre ordlyden “Hardbakkeområde” til “Indre Steinsund” i 3. og 4. avsnitt.

Votering:

Det vart røysta samla over felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 058/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre vedtek følgjande uttale til Vestland fylkeskommune sin regional plan for areal og mobilitet:

Solund kommune er den **fjerde mest eksportintensive kommunen i landet** fordelt på folketal i samsvar med Eksportmeldinga 2026. Solund kommune er samtidig den **fjerde minst sentrale kommunen i landet** (SSB 2024), til dømes mindre sentral enn alle kommunar i Troms og Finnmark. Dette tilseier at det blir skapt store verdiar, trass vanskelege vilkår med omsyn til infrastruktur og tilgang på arbeidsplassar. Solund kommune bidrar difor i stort monn til den eksportintensive regionen Vestland. Slik kunnskap må også vere tema i indikatorane.

Solund kommune arbeider med å etablere ekspressbåtstopp i Indre Steinsund i Solund. Som rein øykommune kan ikkje Solund ha anna kollektivrute til eit regionsenter enn med båt. Innkorting av reisetid er den beste måten å styrke tilflytting og bulyst på og dette gjer ein best ved å tilpasse seglingsleia. Solund kommunestyre bed om at dette vert innarbeida også i fylkeskommunale planar og vedtak, jamfør allereie vedteken intensjonsvedtak gjort av fylkeskommunen.

Forslag til konkrete tiltak:

- Innarbeide ekspressbåtstopp i Indre Steinsund i Vestland fylkeskommune sine relevante planar og vedtak.

<u>Generelt</u>

Fylkeskommunen må møte kommunane med ei heilskapstenking på tvers av dei ulike regionale planane som er vedtekne, og vert vedtekne for ettertida. Dersom måleparametra skal knytast til årsdøgntrafikk og folketal, vil kommunar som Solund komme sist i køen kvar gong. Vi veit at både ungdommane våre og dei eldre har behov for eit betre kollektivtilbod i Solund.

Indikatorsystema må vise om planen faktisk bidreg til busetjing og verdiskaping i distrikta. Kjerneprinsippet i FN sine berekraftsmål om å ikkje etterlate nokon ("Leave no one behind") må også leggast til grunn for planarbeidet. Prinsippet gjeld også geografi. Distriktsmeldinga bør vere ei hovudkjelde som går på tvers av tema i kunnskapsgrunnlaget for planen.

Solund kommune ynskjer å bidra inn i arbeidet med handlingsprogrammet ved kvar revisjon.

Forslag til konkrete tiltak:

- Tilpassa, tverrfagleg vegleiing og dialog basert på den enkelte kommune sitt utgangspunkt og status.
- Utarbeide eit bredt sett med måleindikatorarar som syner styrkane til dei ulike kommunane i Vestland.
- Innarbeide Distriktsmeldinga som "*Hovudkjelder som går på tvers av plantema*" i Kunnskapsgrunnlaget og som grunnlag for planen.
- Sende handlingsprogrammet ut på høyring til alle kommunar i fylket.

<u>Målet «Busetjing og tilgang på tenester og funksjonar i heile fylket»</u>

Solund kommunestyre registrerer at planen har mål om "Busetjing og tilgang på tenester og funksjonar i heile fylket». Vi kan ikkje sjå at det er strategiar som byggjer opp under denne målsettinga. Stort sett alle strategiane som er valt vil bidra til ytterlegare sentralisering, medan det ikkje er valt nokon strategiar som motverkar dette. Verknadane av planen for sentralisering er berre vurdert på regionalt nivå, men ikkje på lokalt nivå.

Planen har lukkast med å ha ein raud tråd frå strategi til retningslinene, men ikkje frå mål til strategi. Sidan det ikkje er strategiar og retningsliner som også støttar tilstrekkeleg opp om utvikling i distriktet **kan ikkje Solund kommunestyre støtte retninga på regional plan for areal og mobilitet**. Solund kommunestyre oppmodar på det sterkast om at Vestland fylkeskommune **innarbeider ein strategi om livskraftige distrikt, med tilhøyrande handlingsplan, saman med differensiering av retningslinjene basert på status i kommunane**. Sjå til Trøndelag: Trøndelag fylkeskommune har eit gjennomgåande tema som heiter ”Livskraftige distrikt" i Trøndelagsplanen.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide ein strategi for livskraftig distrikt med tilhøyrande handlingsprogram
- Differensiere retningslinjene basert på status i dei ulike kommunane, alternativt praktisere dei ulikt i dei ulike kommunane basert på status i den enkelte kommune.

<u>Regionsenter</u>

Solund kommune registrerer at 99 % innbyggjarane i Vestland vil bu inntil 1,5 timar frå eit regionsenter. Solund er den eine prosenten som er att. Kva er strategiane for som har lang veg til regionsenter? Det må vere eit minimum å ha **kollektivtilbod for alle fastbuande som gjer at ein kan komme seg til og frå eit regionsenter på ein dag,** og det må vere mogeleg å komme seg til og frå kommunesenteret på rimeleg tid for innbyggjarane i kommunen.

Det er uklart for Solund kommune korleis skal samspelet mellom dei ulike kategoriane fylkessenter, regionsenter og kommunesenter er tenkt. Solund kommune vurderer det slik at verknadane av denne inndelinga i kategorisering ikkje er tilstrekkeleg vurdert i verknader i planen, spesielt med omsyn til lokale verknader.

Tannhelse må minimum vere eit tilbod i kommunesenteret i Solund, for å unngå at elevar må vere borte heile dagar for å nytte tilbodet.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide ein strategi i planen for dei innbyggjarane i fylket som har lang reiseveg til eit regionsenter. Sikre at tannhelsetilbod er ein del av tilbodet som er i kommunesentera i dei kommunane som er lengst unna eit regionsenter.
- Tydeleggjere i samspelet mellom dei ulike kategoriane: fylkessenter, regionsenter og kommunesenter og vurdere verknadane av denne inndelinga.

<u>Mobilitet</u>

For øy- og kystkommunar må sjøbasert persontransport behandlast som grunnleggjande samfunnsinfrastruktur. Ferje, hurtigbåt, kai, vegtilkomst, korrespondansar og beredskap må planleggjast som eitt samanhengande mobilitetssystem. Prioriteringane innan mobilitet må

også byggje på kritisk samfunnsfunksjon, mangel på alternativ og konsekvensane ved bortfall, ikkje berre passasjertal og samla reisestraumar. Dette gjeld særleg ferje- og båtsamband, kaier og vegar som er einaste tilkomst til lokalsamfunn. Til og frå Solund er ferja det viktigaste kollektivtilbodet vi har i kommunen.

Kostnader på kollektivtransport må for lokalbefolkninga prisast på ein slik måte at det er eit reelt alternativ.

Forslag til tiltak:

- Sjøbasert transport må få ein større og tydelegare plass i ein regional plan for kystfylket Vestland. Denne typen transport må på lik linje som vegnettet prioriterast med omsyn til kritisk samfunnsfunksjon og mangel på alternativ.

Retningslinene

Det kan ikkje berre ligge til kommunane å grunngje når ein fråvik retningslinjene. Distriktskommunane som har nedgåande kurver kan ikkje bli utsett for same krav som andre kommunar, og treng ikkje meir arbeid med å måtte grunngje fråvik frå retningslinjene. Regionalplanen må **tydelegare differensiere mellom vekst- og pressområde, og distriktskommunar med spreidd busetnad og lågt utbyggingspress**. I Solund må omsynet til busetjing, rekruttering, næringsutvikling og det å oppretthalde levande lokalsamfunn inngå i vurderinga av berekraftig arealbruk. Solund kommune sitt næringsliv er sterkt knytt til sjøen direkte eller indirekte, og utbygging av næringa må skjer der ressursane er. For Solund handlar dette mellom anna om handlingsrom i retningslinjer for næringsutbygging, infrastruktur og strandsone.

Folketalsprognosar kan ikkje vere avgjerande åleine ved vurdering av arealreservar i små distriktskommunar - det er behov for beredskap for mogelegheiter som oppstår (jamfør Distriktssenteret). Det må vere rom for strategiske reserver til bustader, næring og infrastruktur når få tiltak kan få stor samfunnseffekt i den enkelte kommune. Samfunnsnytta ser annleis ut i Solund enn i Bergen eller Alver. I Solund er eitt hus eller tre arbeidsplassar ei stor samfunnsnytte. Vurderinga av samfunnsnytte må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.

Forslag til tiltak:

- Distriktskommunar med spreidd busetnad og lågt utbyggingspress må møtast på ein anna måte enn kommunar med vekst og pressområde. Vurderinga av samfunnsnytte må gjerast basert på status i den enkelte kommune.

Risiko for planen

I pressa kommunar med nedgåande kurver så vil langsiktige regionale omsyn bli nedprioritert over "*kortsiktige lokale interesser*" og prioriteringar. Dette av den enkle grunn at desse kommunane jobbar hardt for å stagge folketalsnedgang, lekkasje av arbeidsplassar og arbeidskraft, og konsekvensane dette får for målet «*Busetjing og tilgang på tenester og funksjonar i heile fylket*».

Minner om at det er kommunane som er planmynde i eigen kommune, og at dei fleste kommunane i Vestland heilt eller delvis er distriktskommunar og har ei negativ utvikling.

Fylkeskommunen påpeikar sjølv målkonfliktar mellom dei to regionale planane utan at Solund kommune opplever at desse målkonfliktane er løyst i planane.

Forslag til tiltak:

- Rett opp planen til å vere med i samsvar med konteksten i heile Vestland fylkeskommune - at fylket er svært samansett, men også geografisk primært distrikt.
- Tydeleggjere løysingar på korleis målkonfliktane mellom planane skal løysast.

Kunnskapsutvikling

Solund kommune ser positivt på kunnskapsutviklinga som er lagt opp til i planen. Dette må vere på kommunenivå og kunnskap som kommunane faktisk har nytte av - også dei minste.

Forslag til tiltak:

- Sikre og etablere at kunnskap kan hentast ut på kommunenivå og denne kunnskapen er relevant også i dei mindre kommunane.

Verknader av plan og planlegging i kommunar

Solund kommune lurer på korleis den regionale planen stiller seg til kommunale planar, slik som peika på i Plan- og bygningslova § 3-3, 2. ledd (kommunen er planmynde) og § 11-3, 1. ledd (samfunnsdelen skal leggast til grunn regionale myndigheiters verksemd i kommunen). Solund kommune meiner Vestland fylkeskommune må ha heilskapstenking og den enkelte kommune i fokus når fylkeskommunen møter kommunane i planarbeid.

Små kommunar med avgrensa plankapasitet bør bli uttrykkeleg prioriterte for rådgjeving, kunnskapsutvikling og støtte frå fylkeskommunen, og nye regionale krav må ikkje bli innført før nødvendige data, verktøy og rettleiing er tilgjengelege.

Eit generelt innspel er at fylkeskommunen må ta ei overordna vurdering på kva planar fylkeskommunen legg opp til at kommunar skal ha. Det er tids- og ressurskrevjande å planlegge. Kan dei føringane/insentiva fylkeskommunen ynskjer å legge på kommunane løysast på andre måtar enn via planar? I denne planen er kulturmiljøplan, og jordvernmål og – strategiar spesifikt nemnt, men dette gjeld også krav om andre planar i andre samanhengar.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide og tydeleggjere kva konsekvensar denne planen har for kommunane og kommunal planlegging.
- Tydeleg prioritere dei minste kommunane i rådgjeving, kunnskapsutvikling og støtte.
- Innføre nødvendige data, verktøy og rettleiing før nye regionale krav vert innført.
- Evaluere kva krav/ynskje fylkeskommunen har til omfang av kommunalt planverk, for å komme til regionale/nasjonale tilskotsordningar.

Elles viser Solund kommunestyret til uttalen utarbeida av Region Fjordane.

059/26: Høyringsuttale regional plan for verdiskaping og kompetanse frå Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek følgjande uttale til Vestland fylkeskommune sin regional plan for verdiskaping og kompetanse:

Solund kommune er den **fjerde mest eksportintensive kommunen i landet** fordelt på folketal i samsvar med Eksportmeldinga 2026. Solund kommune er samtidig den **fjerde minst sentrale kommunen i landet** (SSB 2024), til dømes mindre sentral enn alle kommunar i Troms og Finnmark. Dette tilseier at det blir skapt store verdiar, trass vanskelege vilkår med omsyn til infrastruktur og tilgang på arbeidsplassar. Solund kommune bidrar i stort monn til den eksportintensive regionen Vestland. Slik kunnskap må også vere tema i indikatorane.

Solund kommune arbeider med å etablere ekspressbåtstopp i Hardbakke-området (kommunesenteret) i Solund. Som rein øykommune kan ikkje Solund ha anna kollektivrute til eit regionsenter enn med båt. Innkorting av reisetid er den beste måten å styrke tilflytting og bulyst på og dette gjer ein best ved å tilpasse seglingsleia. Solund kommunestyre bed om at dette vert innarbeida også i fylkeskommunale planar og vedtak, jamfør allereie vedteken intensjonsvedtak gjort av fylkeskommunen.

Forslag til konkrete tiltak:

- Innarbeide ekspressbåtstopp i Hardbakkeområde i Vestland fylkeskommune sine relevante planar og vedtak.

<u>Generelt</u>

Fylkeskommunen må møte kommunane med ei heilskapstenking på tvers av dei ulike regionale planane som er vedtekne, og vert vedtekne for ettertida. Dersom måleparametra skal knytast til årsdøgntrafikk og folketal, vil kommunar som Solund komme sist i køen kvar gong.

Indikatorsystema må vise om planen faktisk bidreg til busetjing og verdiskaping i distrikta. Kjerneprinsippet i FN sine berekraftsmål om å ikkje etterlate nokon ("Leave no one behind") må også leggast til grunn for planarbeidet. Prinsippet gjeld også geografi. Distriktsmeldinga bør vere ei hovudkjelde som går på tvers av tema i kunnskapsgrunnlaget for planen.

Solund kommunestyre meiner overordna at det er gode målsettingar i planen, og at desse må gjelde heile fylket. Tema som samarbeid, samhandling, inkludering, øydrift av energisystem og verdiskaping i heile fylket vert støtta av Solund.

Levande lokalsamfunn må ikkje berre vere ein verdi som skal løftast i drøfting av reiseliv og energi, men ein verdi i seg sjølv, i verdiskaping, i kompetansedrøftingar og i totalberedskapen. Samfunnsnytta ser annleis ut i Solund enn i Bergen eller Alver. I Solund er

eitt hus eller tre arbeidsplassar ei stor samfunnsnytte. Vurderinga av samfunnsnytte må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.

Fylkeskommunen påpeikar sjølv målkonfliktar mellom dei to regionale planane utan at Solund kommune opplever at desse målkonfliktane er løyst i planane.

Solund kommune ynskjer å bidra inn i arbeidet med handlingsprogrammet ved kvar revisjon.

Forslag til konkrete tiltak:

- Tilpassa, tverrfagleg vegleiing og dialog basert på den enkelte kommune sitt utgangspunkt og status.
- Utarbeide eit bredt sett med måleindikatorarar som syner styrkane til dei ulike kommunane i Vestland.
- Innarbeide Distriktsmeldinga som "*Hovudkjelder som går på tvers av plantema*" i Kunnskapsgrunnlaget og som grunnlag for planen.
- Tydeleggjere at målsettingane i planen gjeld for heile fylket.
- Distriktsperspektivet må tydeleggjerast, ved å innarbeide ei differensiering av innsatsen mellom større næringsmiljø og mindre distriktskommunar.
- Tydeleggjere løysingar på korleis målkonfliktane mellom planane skal løysast.
- Sende handlingsprogrammet ut på høyring til alle kommunar i fylket.
- Tydeleg prioritere dei minste kommunane i rådgjeving, kunnskapsutvikling og støtte.
- Innføre nødvendige data, verktøy og rettleiing før nye regionale krav vert innført.
- Evaluere kva krav/ynskje fylkeskommunen har til omfang av kommunalt planverk, for å komme til regionale/nasjonale tilskotsordningar.

<u>Næring</u>

I utviklinga av næringslivet og nye næringar må heile fylket takast i bruk og få ta del i. Solund kommune sitt næringsliv er sterkt knytt til sjøen direkte eller indirekte, og utbygging av næringane må skjer der ressursane er. Planen peikar på at det er flest små og mellomstore bedrifter i Vestland, og desse må få eit stort fokus i støtte, kompetanseutvikling, bruk av verktøy og FOU. Hubane i grøn region Vestland må vere opne for eksternt samarbeid, kompetansedeling og nettverk på tvers av, og utanfor hubane. Samfunnsnytta ser annleis ut i Solund enn i Bergen eller Alver. I Solund er eitt hus eller tre arbeidsplassar ei stor samfunnsnytte. Vurderinga av samfunnsnytte må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.

Energitilgang er avgjerande for næringsutvikling. Solund kommune saknar eit fokus på meir småskala og alternative måtar å produsere energi og oppvarming, som små private vindmøller, solcelleanlegg, energibrønnar og andre alternativ som tidevasskraftverk, bølgekraftverk, med meir.

Forslag til konkrete tiltak:

- Sikre strategiar og handlingspunkt som stimulerer til nyetableringar og utvikling av næringslivet også i distrikta der det ikkje er grøne hubar.
- Vestland fylkeskommune bidrar til å sikre eit system/ etablerer tilrådingar for organisering, og bidrar til å etablere nettverk under strategi 3.1 "*Samarbeide om nyskapande samfunns- og næringsutvikling i kommunane*".
- Vurderinga av samfunnsnytte for tiltak må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.
- Sikre kompetanse i kommunane til rettleiing, og generelt i næringslivet, på små private energiutbyggingar.

<u>Kompetanse</u>

Fleksibelt kompetansetilbod er viktig for likeverdig tilbod i fylket og mogelegheiter for (vidare)utdanning i distrikta. Dette må omfatte gode nettbaserte løysingar for eit bredt omfang av studietilbod, kompetansebehovet er i mange tilfelle det same i distriktet som i meir sentrale strok, medan reiseveg, reisetid og ikkje-optimal infrastruktur er ein terskel.

Det vert trekt fram ei utfordring med at "*endringstakten i samfunnet krev nytenking og omstilling for å møte framtida*". Evna til å konstant stå i endring treng ein kompetanse i seg sjølv og bør ha eit fokus i utdanningssystemet.

Det vidaregåande skuletilbodet på Austrheim VGS. er svært viktig for Solund kommune. Dette er det einaste vidaregåande tilbodet som gjer at ungdommane kan bu heime under utdanninga. Studiesenter Kysten er også viktig for regionen.

Rekrutteringsutfordringane i små kommunar kan ikkje løysast gjennom kompetansetiltak åleine. Regionalplanen må sjå arbeidsplassar, bustad, mobilitet, tenester, digital infrastruktur og stadattraktivitet som delar av den same utviklingspolitikken. Rekrutteringsarbeidet må også handle om å halde på dei tilsette som allereie er der.

Forslag til konkrete tiltak:

- Prioritere fleksible, nettbaserte og desentraliserte studietilbod.
- Vestland fylkeskommune og andre aktuelle aktørar etablerer eit system som koplar dei uteksaminerte tydlegare, over lenger tid, geografisk breiare og meir systematisk med næringslivet i heile fylket.
- Vidaregåande skular og høgare utdanning bør få ei rolle i å sikre tilbakeflytting til distrikta. Dette kan sjåast i samanheng med FOU-arbeid og samarbeid med næringsliv i heile fylket inn i utdanningane.
- Det må vere eit "system rundt" dei som flyttar ut av lokalsamfunnet for å gå på vidaregåande skule for å sikre gode overgangar mellom grunnskule og vidaregåande skule.
- Sikre gode utviklingsvilkår for Austrheim VGS og Studiesenter Kysten.

- Rekrutteringsutfordringane må løyast med tiltak innan ei bredt felt: kompetanse, tilgang på bustader, mobilitet, tenester, infrastruktur og stadattraktivitet, og arbeid med å behalde arbeidskraft.

Forhold til lokale planar

Solund kommune lurer på korleis den regionale planen stiller seg til kommunale planar, slik som peika på i Plan- og bygningslova § 3-3, 2. ledd (kommunen er planmynde) og § 11-3, 1. ledd (samfunnsdelen skal leggast til grunn regionale myndigheiters verksemd i kommunen). Solund kommune meiner Vestland fylkeskommune ha heilskapstenking og den enkelte kommune i fokus når fylkeskommunane møter kommunane i planarbeid.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide og tydeleggjere kva konsekvensar denne planen har for kommunane og kommunal planlegging.

Elles viser Solund kommunestyret til uttalen utarbeida av Region Fjordane.

Handsaming i Formannskap 29.10.2026:

Felles framlegg til endring:
Endre ordlyden "Hardbakkeområde" til "Indre Steinsund" i 3. og 4. avsnitt.

Votering:

Det vart røysta samla over felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 059/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre vedtek følgjande uttale til Vestland fylkeskommune sin regional plan for verdiskaping og kompetanse:

Solund kommune er den **fjerde mest eksportintensive kommunen i landet** fordelt på folketal i samsvar med Eksportmeldinga 2026. Solund kommune er samtidig den **fjerde minst sentrale kommunen i landet** (SSB 2024), til dømes mindre sentral enn alle kommunar i Troms og Finnmark. Dette tilseier at det blir skapt store verdiar, trass vanskelege vilkår med omsyn til infrastruktur og tilgang på arbeidsplassar. Solund kommune bidrar i stort monn til den eksportintensive regionen Vestland. Slik kunnskap må også vere tema i indikatorane.

Solund kommune arbeider med å etablere ekspressbåtstopp i Indre Steinsund i Solund. Som rein øykommune kan ikkje Solund ha anna kollektivrute til eit regionsenter enn med båt. Innkorting av reisetid er den beste måten å styrke tilflytting og bulyst på og dette gjer ein best ved å tilpasse seglingsleia. Solund kommunestyre bed om at dette vert innarbeida også i fylkeskommunale planar og vedtak, jamfør allereie vedteken intensjonsvedtak gjort av fylkeskommunen.

Forslag til konkrete tiltak:

- Innarbeide ekspressbåtstopp i Indre Steinsund i Vestland fylkeskommune sine relevante planar og vedtak.

<u>Generelt</u>

Fylkeskommunen må møte kommunane med ei heilskapstenking på tvers av dei ulike regionale planane som er vedtekne, og vert vedtekne for ettertida. Dersom måleparametra skal knytast til årsdøgntrafikk og folketal, vil kommunar som Solund komme sist i køen kvar gong.

Indikatorsystema må vise om planen faktisk bidreg til busetjing og verdiskaping i distrikta. Kjerneprinsippet i FN sine berekraftsmål om å ikkje etterlate nokon ("Leave no one behind") må også leggast til grunn for planarbeidet. Prinsippet gjeld også geografi. Distriktsmeldinga bør vere ei hovudkjelde som går på tvers av tema i kunnskapsgrunnlaget for planen.

Solund kommunestyre meiner overordna at det er gode målsettingar i planen, og at desse må gjelde heile fylket. Tema som samarbeid, samhandling, inkludering, øydrift av energisystem og verdiskaping i heile fylket vert støtta av Solund.

Levande lokalsamfunn må ikkje berre vere ein verdi som skal løftast i drøfting av reiseliv og energi, men ein verdi i seg sjølv, i verdiskaping, i kompetansedrøftingar og i totalberedskapen. Samfunnsnytta ser annleis ut i Solund enn i Bergen eller Alver. I Solund er eitt hus eller tre arbeidsplassar ei stor samfunnsnytte. Vurderinga av samfunnsnytte må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.

Fylkeskommunen påpeikar sjølv målkonfliktar mellom dei to regionale planane utan at Solund kommune opplever at desse målkonfliktane er løyst i planane.

Solund kommune ynskjer å bidra inn i arbeidet med handlingsprogrammet ved kvar revisjon.

Forslag til konkrete tiltak:

- Tilpassa, tverrfagleg vegleiing og dialog basert på den enkelte kommune sitt utgangspunkt og status.
- Utarbeide eit bredt sett med måleindikatorarar som syner styrkane til dei ulike kommunane i Vestland.
- Innarbeide Distriktsmeldinga som "*Hovudkjelder som går på tvers av plantema*" i Kunnskapsgrunnlaget og som grunnlag for planen.
- Tydeleggjere at målsettingane i planen gjeld for heile fylket.

- Distriktsperspektivet må tydeleggjerast, ved å innarbeide ei differensiering av innsatsen mellom større næringsmiljø og mindre distriktskommunar.
- Tydeleggjere løysingar på korleis målkonfliktane mellom planane skal løysast.
- Sende handlingsprogrammet ut på høyring til alle kommunar i fylket.
- Tydeleg prioritere dei minste kommunane i rådgjeving, kunnskapsutvikling og støtte.
- Innføre nødvendige data, verktøy og rettleiing før nye regionale krav vert innført.
- Evaluere kva krav/ynskje fylkeskommunen har til omfang av kommunalt planverk, for å komme til regionale/nasjonale tilskotsordningar.

Næring

I utviklinga av næringslivet og nye næringar må heile fylket takast i bruk og få ta del i. Solund kommune sitt næringsliv er sterkt knytt til sjøen direkte eller indirekte, og utbygging av næringane må skjer der ressursane er. Planen peikar på at det er flest små og mellomstore bedrifter i Vestland, og desse må få eit stort fokus i støtte, kompetanseutvikling, bruk av verktøy og FOU. Hubane i grøn region Vestland må vere opne for eksternt samarbeid, kompetansedeling og nettverk på tvers av, og utanfor hubane. Samfunnsnytta ser annleis ut i Solund enn i Bergen eller Alver. I Solund er eitt hus eller tre arbeidsplassar ei stor samfunnsnytte. Vurderinga av samfunnsnytte må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.

Energitilgang er avgjerande for næringsutvikling. Solund kommune saknar eit fokus på meir småskala og alternative måtar å produsere energi og oppvarming, som små private vindmøller, solcelleanlegg, energibrønnar og andre alternativ som tidevasskraftverk, bølgekraftverk, med meir.

Forslag til konkrete tiltak:

- Sikre strategiar og handlingspunkt som stimulerer til nyetableringar og utvikling av næringslivet også i distrikta der det ikkje er grøne hubar.
- Vestland fylkeskommune bidrar til å sikre eit system/ etablerer tilrådingar for organisering, og bidrar til å etablere nettverk under strategi 3.1 "*Samarbeide om nyskapande samfunns- og næringsutvikling i kommunane*".
- Vurderinga av samfunnsnytte for tiltak må ta omsyn til verknaden for rekruttering, tenestegrunnlag, heilårsarbeidsplassar og stabil busetjing i den enkelte kommune.
- Sikre kompetanse i kommunane til rettleiing, og generelt i næringslivet, på små private energiutbyggingar.

Kompetanse

Fleksibelt kompetansetilbod er viktig for likeverdig tilbod i fylket og mogelegheiter for (vidare)utdanning i distrikta. Dette må omfatte gode nettbaserte løysingar for eit bredt omfang av studietilbod, kompetansebehovet er i mange tilfelle det same i distriktet som i meir sentrale strok, medan reiseveg, reisetid og ikkje-optimal infrastruktur er ein terskel.

Det vert trekt fram ei utfordring med at "*endringstakten i samfunnet krev nytenking og omstilling for å møte framtida*". Evna til å konstant stå i endring treng ein kompetanse i seg sjølv og bør ha eit fokus i utdanningssystemet.

Det vidaregåande skuletilbodet på Austrheim VGS. er svært viktig for Solund kommune. Dette er det einaste vidaregåande tilbodet som gjer at ungdommane kan bu heime under utdanninga. Studiesenter Kysten er også viktig for regionen.

Rekrutteringsutfordringane i små kommunar kan ikkje løysast gjennom kompetansetiltak åleine. Regionalplanen må sjå arbeidsplassar, bustad, mobilitet, tenester, digital infrastruktur og stadattraktivitet som delar av den same utviklingspolitikken. Rekrutteringsarbeidet må også handle om å halde på dei tilsette som allereie er der.

Forslag til konkrete tiltak:

- Prioritere fleksible, nettbaserte og desentraliserte studietilbod.
- Vestland fylkeskommune og andre aktuelle aktørar etablerer eit system som koplar dei uteksaminerte tydlegare, over lenger tid, geografisk breiare og meir systematisk med næringslivet i heile fylket.
- Vidaregåande skular og høgare utdanning bør få ei rolle i å sikre tilbakeflytting til distrikta. Dette kan sjåast i samanheng med FOU-arbeid og samarbeid med næringsliv i heile fylket inn i utdanningane.
- Det må vere eit "system rundt" dei som flyttar ut av lokalsamfunnet for å gå på vidaregåande skule for å sikre gode overgangar mellom grunnskule og vidaregåande skule.
- Sikre gode utviklingsvilkår for Austrheim VGS og Studiesenter Kysten.
- Rekrutteringsutfordringane må løyast med tiltak innan ei bredt felt: kompetanse, tilgang på bustader, mobilitet, tenester, infrastruktur og stadattraktivitet, og arbeid med å behalde arbeidskraft.

<u>Forhold til lokale planar</u>

Solund kommune lurer på korleis den regionale planen stiller seg til kommunale planar, slik som peika på i Plan- og bygningslova § 3-3, 2. ledd (kommunen er planmynde) og § 11-3, 1. ledd (samfunnsdelen skal leggast til grunn regionale myndigheiters verksemd i kommunen). Solund kommune meiner Vestland fylkeskommune ha heilskapstenking og den enkelte kommune i fokus når fylkeskommunane møter kommunane i planarbeid.

Forslag til tiltak:

- Innarbeide og tydeleggjere kva konsekvensar denne planen har for kommunane og kommunal planlegging.

Elles viser Solund kommunestyret til uttalen utarbeida av Region Fjordane.

060/26: Kvalitetsmelding oppvekst Solund 2025/2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsmelding for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen vert teken til orientering.

Oppvekst- og kultursektoren skal halde fram med følgjande fokusområde:

- Mobbing/inkluderande oppvekstmiljø
- Psykisk helse
- Korleis det vert arbeidd med kvalitet
- Samarbeid med lokalsamfunn og verksemder

Neste kvalitetsmelding vert lagt fram hausten 2027.

Handsaming i Formannskap 29.10.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 060/26 VEDTAK:
Kvalitetsmelding for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen vert teken til orientering.

Oppvekst- og kultursektoren skal halde fram med følgjande fokusområde:

- Mobbing/inkluderande oppvekstmiljø
- Psykisk helse
- Korleis det vert arbeidd med kvalitet
- Samarbeid med lokalsamfunn og verksemder

Neste kvalitetsmelding vert lagt fram hausten 2027.

061/26: Finansiering av laupande drift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek ei ramme for likviditetslån eller kassakreditt på 15.000.000,- og løpetid på inntil eit år.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lånet, godta rentevilkår og andre vilkår for lånet og underteikne lånedokument.

Handsaming i Formannskap 29.10.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 061/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre vedtek ei ramme for likviditetslån eller kassakreditt på 15.000.000,- og løpetid på inntil eit år.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lånet, godta rentevilkår og andre vilkår for lånet og underteikne lånedokument.

062/26: Finansiering garderobeanlegg Solund Helsetun

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund Kommunestyre løyver kr 500.000 til nytt garderobeanlegg for dei tilsette ved Solund Helsetun.

Tiltaket vert finansiert av midlar frå disposisjonsfondet.

Handsaming i Formannskap 29.10.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 062/26 VEDTAK:
Solund Kommunestyre løyver kr 500.000 til nytt garderobeanlegg for dei tilsette ved Solund Helsetun.

Tiltaket vert finansiert av midlar frå disposisjonsfondet.

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-145

ArkivsakID: 26/313
JournalpostID: 26/3195
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 19.11.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
064/26	Formannskap	26.11.2026

Drøfting av handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap tek orienteringa om handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027 til vitande og ber kommunedirektøren sjå på fylgjande justeringar inn mot endeleg framlegg:

-
-
-

Vedlegg i saka:
19.11.2026 Innarbeida tiltak
19.11.2026 Utgreiast

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Drøfting av handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027

Saksutgreiing:

På bakgrunn av vedteke økonomiplan og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett har kommunedirektøren arbeida med eit framlegg til handlings- og økonomiplan 2027 - 2030

med budsjett 2027. På kvelden 11. november vart resultata frå havbruksauksjonane kjende og snudde opp ned på heile arbeidet. Solund kommune vil ende opp med om lag 33.350.000,- mindre enn budsjettert i 2026. Dette er omtrent ein dobbelt så stor sprekk som tidlegare skisserte verstefallsscenario og vil medføre at Solund kommune står på ROBEK-lista frå 2027.

Det var i gjeldande budsjett budsjettert med 47.000.000,- i havbruksinntekter. 28.866.000,- av desse skulle nyttast i drifta. 5.102.000,- skulle nyttast til eigne investeringar og 2.884.000,- skulle nyttast i tilskot til andre sine investeringar. Dei resterande 10.148.000,- skulle settast av på disposisjonsfond for å nyttast neste år.

Kommunedirektøren arbeider framleis med å kartlegge kva tiltak som kan settast i verk med verknad frå i år, og kva tiltak som først får verknad i 2027 eller seinare år. Men per i dag ser det ut til at konsekvensen av dei manglande inntektene blir at Solund kommune avsluttar 2026 med eit overforbruk i drifta på 6.724.000,-, eit overforbruk i investering på 2.360.000,- og 0,- på disposisjonsfond.

Når ein går inn i 2027 med eit framført meirforbruk, i staden for midlar på disposisjonsfond å tære på, går ikkje budsjettet for 2027 i balanse. Det vert framleis arbeida med å finne tiltak, men i skrivande stund er kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 8.235.000,- frå å være i balanse, i tillegg til at framført meirforbruk frå 2026 må dekkast. Dette til trass for at det der er innarbeida over 5.926.000,- i innsparingar i drifta og ein auke i eigedomsskatten på 900.000,- med verknad frå 2027.

Når inntektene frå auksjonane i 2026 berre vart 2.900.000,- er det vanskeleg på noverande tidspunkt å budsjettere særleg meir i 2028 og 2030. Også med tanke på at havbruksmeldinga har varsla at ordninga med auksjonane skal vekk. Det gjer også desse åra utfordrande i økonomiplanen. Og til trass for at det i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er innarbeida vesentlege innsparingar og auka inntekter er det først i 2029 og 2030 at ein begynner å gå i overskot og kan redusere det framført meirforbruket.


Det har vore ein del usikkerheit knytt til auksjonane av nye oppdrettsløyver i 2026. Eit breitt forlik i Stortinget vedtok i juni 2025 Havbruksmeldinga. Der vart det lagt til grunn at ein skal vekk i frå systemet med auksjonar, men samstundes gav Stortinget fylgjande merknad til meldinga: «Havbruksfondet skal videreføres og videreutvikles for å sikre og opprettholde forutsigbare og stabile inntekter til vertskommuner og lokalsamfunn.».

Etter det har det vore lite informasjon frå staten om korleis det nye systemet blir, og det var i periodar av året usikkert om det i det heile tatt ville bli gjennomført auksjonar i 2026. Auksjonane er no gjennomført og berre 1.560 tonn vart selt. Dette av 7.755 tonn som var tilgjengeleg for sal, og ned frå 17.330 tonn som vart selde i 2024. Dette er eit urovekkande signal frå ein av dei viktigaste næringane i distrikts-Noreg. Det er grunn til å være uroleg for framtida for deler av næringa, om ikkje rammevilkåra deira vert meir føreseielege.

Samstundes får manglande auksjonar også direkte konsekvensar for økonomien til Solund kommune då havbruksinntekter har vore ein vesentleg inntektskjelde dei siste åra. Vi har budsjettert med til saman 47.000.000,- i havbruksinntekter i 2026, og med dette auksjonsresultatet ligg vi an til å få 13.650.000,-. Der 10.751.000,- av dei er frå

produksjonsavgifta. Endelege tal for kvar kommune er ikkje stadfesta av fiskeridirektoratet endå, men det vil berre medføre mindre justeringar.

Inntektssvikta er så vesentleg at det er grunn til å forvente at staten kompenserer deler av tapet på ein eller anna måte. Kommunedirektøren trur derimot ikkje heile tapet vert dekt og førebur difor kraftige kutt både i drift og investering. Solund kommune arbeidar saman med Nettverk for fjord- og kystkommunar, Region Fjordane og andre kommunar opp mot staten for å sikre ein solid og føreseieleg kompensasjon. Men korleis og kor tid ein eventuell kompensasjon kjem er så uvisst at det per i dag ikkje er mogleg å budsjettere med ein slik kompensasjon.



(Figuren synar utbetalingar frå havbruksfondet for perioden 2017 - 2030)

Vurdering:

Kommunedirektøren legg fram handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027 for drøfting. I skrivande stund går ein i pluss frå 2029 og kan då begynne å betale ned på eit framført meirforbuk frå 2026 - 2028 på 15.703.000,-. Ved utgangen av 2030 vil ein gå 13.979.000,- i overskot og ha 6.435.000,- på disposisjonsfond. Det er verdt å hugse at tiltak ein gjer tidleg i perioden får effekt over fleire år, medan tiltak seint i perioden først får verknad i åra etter økonomiplanperioden.

Dei aller fleste identifiserte tiltak vil bli innarbeida i kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027. Ein har behold kostnadane med reguleringsplan på Hardbakke/Steinsund som er vedteke som ein satsing i samfunnsdelen. I tillegg har ein skjerma møteplassane frivilligsentralen/gjenbruket og ungdomsklubben. Av investeringar ligg det inne ein redusert løyving til utbetringar på barneskulen og i barnehagen, innreiing til nytt kommunehus og utbetringar i Klubben.

Vedlagt fylgjer tabellar som synar tiltak på meir enn 100.000,- som er innarbeida i økonomiplanperioden og ein oversikt over tiltak som vert foreslått utgreidd i 2027. Tiltak på under 100.000,- som vert rekna som prinsipielle vil bli løfta særskilt i framlegget til handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027.

Når det gjeld innarbeida tiltak vil kommunedirektøren særleg trekke fram fylgjande tiltak som ein ynskjer innspel på fram mot endeleg framlegg av handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027 neste veke:

- Auka eigedomsskatt på hus og hytter (tiltak 3)
- Innføre eigedomsskatt på næring frå 2029 (tiltak 1)
- Trekke tilbake stilling som leiar for Samfunns- og næringsutvikling (tiltak 6)
- Løyse førstelineteneste for næringsetablering i eige regi (tiltak 6 og 16)
- Avslutte trainee-ordning (tiltak 9)
- Kutte stilling som folkehelsekoordinator (tiltak 12)
- Kutte støtte til Fjordkysten Regional- og geopark (tiltak 23)
- Kutte støtte til Visit Fjordkysten og Sunnfjord (tiltak 34)
- Ikkje erstatte pedagogisk leiar som har sagt opp (tiltak 7)
- Sommarstengt barnehage (tiltak 31)
- Kutte alle kurs og konferansar for tilsette og politikrar (tiltak 8 og 29)
- Kutte sommarjobb 13-17 år (tiltak 24)

Kommunedirektøren ynskje også innspel på om det er tiltak som er satt opp for ugreiing som ein ikkje skal nytte tid på, og om eventuelle nye tiltak som ein ynskjer innarbeida.

Nr	Tiltak	Konsekvens	Merknad	Effekt	Type	Status
1	Innføre eigedomsskatt på næring	Vil krevje ein del ressursar å innføre. Lagt inn 1.000.000,- til arbeidet i 2028 og 2029. Kan gå ut over nyetablering og eksisterande næringar	Særs grovt estimat på inntekt. Innført frå 2028, ikkje mogleg å få på plass tidlegare	5 000 000	Inntekt	I framlegget
2	Kvitte oss med vikarbyrå	Forutsetter at vi får på plass faste tilsette i staden	Føresetnad i eksisterande økonomiplan	3 700 000	Eksterne	I framlegget
4	Auke eigedomsskatt på hus og hytter	Vært betalt av innnbyggjarane. Føles mest av dei som har minst (men eig eiga bustad). Samla kommunale avgifter er låge, særleg utanfor Hardbakke. Kan medføre fleire klagesaker og spørsmål som må handterast med eksisterande ressursar.	0,1 % opp i 2027 (900.000) 0,1 % til opp i 2028 (900.000,-) Er då på makssats på 0,4 %	1 800 000	Inntekt	I framlegget
6	Trekke tilbake stilling som leiar/rådgjevar samfunns- og næringsutvikling	Manglar ressursars, særleg til oppfølging av næringslivet (seier også opp avtale med Klar bedrift). Auka belastning på gjenverande tilsette i sektoren, sektoren vert i praksis lagt ned som eige sektor og dei tilsette må få ny plassering i organisasjonskartet.	Førstelineteneste er lovpålagt og må løysast internt med eksisterande ressursar.	1 100 000	Tilsette	I framlegget
80	Tilsetjingsstopp ved naturlege avgangar	Organisasjonen mister tilsette med ønskja erfaring og kompetanse. Det vert mindre fagmiljø for dei som er att, og tilsette kan vere aleine om å ha kompetanse i eit fag.	Langsikt tiltak. Usikker effekt på kort sikt. Sparar om lag 720.000,- på ein fagarbeidar, 850.000,- på ein barnehagelærar og 900.000,- på ein lærar	1 000 000	Tilsette	I framlegget

Nr	Tiltak	Konsekvens	Merknad	Effekt	Type	Status
7	Ikkje erstatte pedagogisk leiar som har sagt opp	Barnehagen mister tilsette med ønska erfaring og kompetanse. Får eit mindre fagmiljø (berre to pedagogiske leiarar) og større belastning på dei tilsette som står att	Barnehagen skal ha ein pedagogisk leiar per 14 plassar i bruk. Har per i dag 19 plassar i bruk, og forventar 3 nye i løpet av 1. halvår 2027	850 000	Tilsette	I framlegget
8	Kutte alle kurs og konferansar for tilsette (berre deltaking på gratis kurs via Teams el.)	Mister fagleg påfyll og vidareutdanning for tilsette		762 000	Tilsette	I framlegget
9	Slutte med traineeordning	Mister trainee, gjev mindre ressurar til utviklingsoppgåver og auka belastning på dei tilsettes om står att		750 000	Tilsette	I framlegget
92	Effekt av tenestegjennomgang Helse og omsorg	Reduserte tenestetilbod i deler av Helse og omsorgssektoren	Har søkt skjønnsmidlar for å få støtte i arbeidet	500 000	Utgreiast	I framlegget
12	Kutte stilling som folkehelsekoordinator	Mindre kapasitet til folkehelsearbeid. Sjølve arbeidet er lovpålagt, men ikkje det å ha ein folkehelsekoordinator Eit område med mye prosjektmidlar og ekstern finansiering	Folkehelsekoordinator er fast tilsett i Solund kommune og vil ha rett på anna passande arbeid	412 000	Tilsette	I framlegget
14	Redusere kjøp av inventar og utstyr	Berre strengt nødvendig utskifting av inventar og utstyr kan gjennomførast. Vil truleg berre skyve på utgiftene. Vil gje auka belastning på vaktmeisterressursane gjennom reperasjonsoppdrag m.m.	Er budsjettert med 775.000,- i den ordinære drifta i 2026	365 000	Eigedom	I framlegget
15	Lisensgjennomgang i Stab	Mister tilgang til lisensane som vert kutta. Enkelte lisensar har få brukarar, men stor nytte for dei det gjeld. Vert meir personavhengig		345 000	Tilsette	I framlegget

Nr	Tiltak	Konsekvens	Merknad	Effekt	Type	Status
16	Avslutte avtale med Klar bedrift om næringsstøtte	Vil mangle fystelineteneste til ein kan løyse det i eigeregi	Fystelineteneste er lovpålagt, må løysast internt av eksisterande ressursar	312 000	Eksterne	I framlegget
17	Ny brøyteavtale i Ytre Solund	Binder mannskap på Fylkeskommunal veg når det er behov for vintervedlikehald, gjev mindre kapasitet til andre oppgåver	Solund kommune skal ta vegvedlikehaldet for VLFK i Ytre Solund. Effekt er netto inntening	300 000	Inntekt	I framlegget
18	Kutte stipendordning	Færre tilsette har høve/insentiv for etterutdanning		300 000	Tilsette	I framlegget
19	Fjerne tilleggsløyvingar 804	Mister matchingsmidlar / lett tilgjengelege tilskotsmidlar. Til dømes hamnevert har vore finansiert her dei siste åra		300 000	Redusert tilbod	I framlegget
20	Sal av psykologtenester til andre kommunar	Mindre psykologkapasitet att i Solund	Ligg allereie ein føresetnad i eksisterande busjett på 260.000,- som ikkje er realisert	260 000	Redusert tilbod	I framlegget
21	Kaileige kommunale kaier	Særleg hurtigbåtanløp på Krakhella som kan gje større inntekter, men også langtidsbruk av Hardbakke hamn		250 000	Inntekt	I framlegget
22	Fjerne løyving for lærlingar/traine på 803	Einingane må sjølv finansiere lærlingar, kan føre til at vi tilsett færre lærlingar		250 000	Tilsette	I framlegget
23	Kutte støtte til Fjordkysten Regional- og Geopark	Fare for at UNESCO statsu fell bort		200 000	Eksterne	I framlegget
24	Kutte sommarjobb 13-17 år	Ungdommane går glipp av moglegheita for sommarjobb og ein fyste kontakt med ulike kommunale tenester		200 000	Redusert tilbod	I framlegget

Nr	Tiltak	Konsekvens	Merknad	Effekt	Type	Status
25	Redusere vikarbruk ved korttidsfråvær i Oppvekst og kultur	Ein må vurdere vikarbruk ved kvart enkelt tilfelle av fråvær. Medfører færre vaksne tilstades i barnehagen og på skulen og meiarbeid for dei som vert att. Kan gje meir uro blant borna og større slitasje på dei tilsette som står att		200 000	Tilsette	I detaljbudsjett
26	Fjerne formannskapet sin fri disposisjon	Formannskapet mister handlingsrom for å gje mindre tilskot, den typen saker må avslås eller handsamast i kommunestyre		200 000	Politikk	I framlegget
27	Fjerne kulturmidlar til formannskapet sin disposisjon	Lag, organisasjonar og kunstnarar mister moglegheita til å søke støtte		200 000	Politikk	I framlegget
29	Kutte alle kurs og konferansar for politikarar	Mister fagleg påfyll. Særs viktig med folkevaldopplæring i starten av perioden	Ligg inne midlar til folkevaldopplæring i 2028, elles ingenting	171 000	Politikk	I framlegget
30	Kutte fellesmåltid	Mister ein viktig sosial arena for borna.	Mat 30.000, tilsettressurs 130.000	160 000	Tilsette	I framlegget
31	Sommarstengt barnehage	Tre veker stenging på sommaren. Innsparing i reduserte vikarutgifter. Føresette må ta borna ut dei tre vekene barnehagen er stengt	Tilbodet er ønska av føresette og kommunestyret har tidlegare vedteke at barnehagen skal være open heile sommaren.	150 000	Redusert tilbod	I framlegget
32	Avvikle ordninga med tilskot til fystegongsetablerar	Fremstår som mindre attraktiv for dei som ynskjer å etablere seg. Kanskje fyst og fremst ein negativ signaleffekt		150 000	Redusert tilbod	I framlegget
93	Redusere opningstider Gjenbruket	Gjenbruket vert mindre ope		150 000	Tilsette	I framlegget

Nr	Tiltak	Konsekvens	Merknad	Effekt	Type	Status
33	Kvitte oss med kommunebilen	Mister tilgang til kommunebilen. Kan gjere det vanskelagre for enkelte tilsette å delta på eksterne samlingar	Vil gje auka kostnader på reiserekingar. Men med gitt tidlegare års km bruk sprar vi om lag 65.000,- i året. Binding til sommaren 2027	130 000	Eigedom	I framlegget
34	Kutte støtte til Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Vert arbeida mindre med marknadsføring for reiselivet	Har allereie halvert årskontigenten	126 000	Eksterne	I framlegget
35	Seie opp leigevatale med Solund ungdomslag om øvingslokalar og lager for skulemusikken	Skulemusikken kan øve i amfiet på skulen, men dårleg med lagerplass		120 000	Eksterne	I framlegget
36	Auka bruk av rammeavtaler og storinnkjøp	Blir mindre lokale innkjøp, kan miste lokale tilbod på sikt	Kan også gje innsparing i investering, men liten effekt grunna få investeringsprosjekt	100 000	Eksterne	I framlegget
37	Gjennomgå diverse tilskot under ansvar 230 (Kultur)	Budsjettert med ein del midlar, men vert ikkje brukt opp kvart år. Mindre behov no som det ligg midlar på formannskapet sin disposisjon?	FAU får årleg tilskot til 17. mai. Sogelaget ber enkelte år om forskot på sal av sokebøker	100 000	Eksterne	I framlegget
39	Gjennomgang av lisensar i Helse og omsorg	Mister tilgang til lisensane som vert kutta. Enkelte lisensar har få brukarar, men stor nytte for dei det gjeld. Vert meir personavhengig		100 000	Lisensar	I framlegget

Nr	Tiltak	Konsekvens	Merknad	Effekt	Type
10	Sei opp avtale om lokale opsjonsruter	Dårlegare rutetilbod til øyane. Uvisst kva grunntilbodet frå VLFK er for dei ulike rutane	Neppe mogleg å få til fullårseffekt frå 2027. Mogleg noko er knytt til anbodsperioden	750 000	Utgreiast
11	Vurdere Oppvekst-tun (administrative oppgåver)	Fordelar: -Innsparing på leiing, kutte til 1,5 stilling? -Samordning av personell på tvers av barnehage/SFO. Mogleg innsparing? -Utvikle felles praksis og ha felles satsingsområde? -Smidigare overgang barnehage-skule? Ulemper: -Drifta blir i forskjellege bygg med avstand mellom -Fråverande leiing fysisk -Arbeidspress for leiinga vert større Kor lett er det å få til samkøyring av personell når avstanden mellom bygga er såpass stor	Oppvekst må vurdere oppgåver som er innan sektoren. Er det felles oppgåver som ligg på ulike nivå i organisasjonen. Dersom ein går vidare med dette må det utgreiast grundig. Ikkje aktuelt 2027-2028	550 000	Utgreiast
79	Innføre tildelingsmodell for barnehage og skule	Meir førseieleg økonomisk kvardag. Tvingar fram demografisk tilpassing. Ein del av dei overnevnte kutta kan bli naudsynte.	Tildelingsmodell inneber eit grunnbeløp per barnehage/skule, i tillegg til eit beløp per barn/elev		Utgreiast
81	Utgreie å avslutte kjøkken og vaskeri i eigenregi	Dårlegare tilbod lokalt.	Kan tvinge seg fram om vi ikkje lukkast med rekruttering		Utgreiast

Nr	Tiltak	Konsekvens	Merknad	Effekt	Type
82	Avvikle KAD-seng	Pasientar med behov for akutt kommunal døgnplass må reise ut av kommunen	Krever bakvaktsordning for sjukepleiarar på Solundheimen		Utgreiast
88	Brannsjef i eigeregi	Kjøper i dag funksjon frå Masfjorden. Eigeregi vil fyst og fremst kunne gje inntekter gjennom fleire innbyggjarar. Kan også styrke lokale beredskapsarbeidet			Utgreiast
89	Byggesak i eiegeregi	Kjøper i dag funksjon frå Masfjorden. Eigeregi vil fyst og fremst kunne gje inntekter gjennom fleire innbyggjarar. Kan også styrke lokale beredskapsarbeidet			Utgreiast
90	Redusert opningstid bassenget	Kortere periode med tilgjengeleg svømjehall for innbyggjarane.	Både straumkostnadar og ressursinnsats frå tilsette		Utgreiast
91	Farvassavgift	Lovverk må følgjast opp og forvaltast	Inntekten vert sjølvkost, men kan redusere utgifter		Utgreiast